

SEND INN EIN KLOVN

Side by Side by Sondheim

Det Norske Teatret



Frå ein prat med Egil Monn-Iversen

Egil Monn-Iversen blir ofte karakterisert som gudfaren i norsk underholdningsliv, med ein finger i det meste. Avisene om det! Her på Det Norske Teatret kjenner vi han gjennom alle år som mannen bak teatrets musicalprofil, mannen som medvite har arbeidd med å byggje opp den spesielle eks-pertisen som gjer dette teatret til noko særskilt i musikkteatersamanheng. Her er han musikaren, arrangøren, tilretteleggjaren, mannen som oftast svingar taktstokken over veltrimma kollegaer i grava. Og framfor alt mannen som med ein stille kommentar, eit lite råd, er med og held kvalitetskravet på topp. Vi veit at Stephen Sondheim ligg hjartet hans nær, og spør når han først vart merksam på denne utrulege mannen?

— Det var vel med den første oppsetjinga av «West Side Story» midt på 60-talet vi først støytte på namnet. Han var veldig ung den gongen, men markerte seg likevel som medlem av ein svært eksklusiv kvartett: Robbins, Laurents, Bernstein og Sondheim. Eg møtte han for nokre år sidan i New York — da verka han framleis ung!

Eg trudde eg skulle møte ein fetert verdsmann — vi møttest på Hilton — men det var tvert imot ein sjenert mann eg møtte, ein som nærmast var usikker på seg sjølv og si framferd. Han sat der med skjegget sitt og hovudet litt på skakke og høvnde slett ikkje til билетet av ein trollmann på Broadway.

Men når han byrja snakke om kva han vil med musicalforma, da var han langt frå usikker!

Og eg må vedgå at eg aldri før hadde møtt ein mann med synspunkt som i same grad fall saman med mine egne.

Da eg første gongen såg «Sweeney Todd», var det ei oppleving. Eg meiner dette verket er det beste som er skrive i den lettare musikkteaterstilen etter «Porgy and Bess». For Sondheim er det episke det viktigaste, musikken fungerer som dramaturgisk verkemiddel. Han representerer motvekta til gram-mofonplate-musicalen, desse fram-syningane som blir bygde opp på scenen etter først å ha blitt lanserte på plate.

I denne samanhengen blir det eit paradoks og eit tankekors at vi presenterer nett denne mannen med ein kaval-kade i staden for det han meistrar bet-re enn nokon annan — eit stort musikkspel.

For meg står Sondheim i den utviklingslinja i amerikansk musikkteater som går frå George Gershwin over Leonard Bernstein.

Det han snakka om, var først og fremst dette: musicalen som teaterform, som dramatisk uttrykk. Han stiller seg heilt likegyldig til hits i musikkspel — han er ikkje interessert i slagerar. Han er heilt i utakt med dei som meiner kriteriet på ein god musical er at publikum går ut nynnande på ein av melodiane. Men han er ein tvers igjen-

nom ærleg musikar, som ikkje går på akkord med sine egne kunstnarlege krav. Han må vite at det han har gjort er rett, ikkje at det sel. Resultatet av alt dette er at han er krevjande — det trur eg ensemblet kan skrive under på. Han er vanskeleg harmonisk sett, like eins rytmisk. Han skriv ikkje svsker. Tittellåten — «Send inn ein klovn» — er kanskje den einaste slageren her. Det er ein vakker ballade — men altså skriven utan noko sidemotiv om at dette skal selje.

Sjølvsagt er han ikkje uinteressert i publikum eller i suksess. Som alle andre vil han nå fram til eit publikum, men med sitt eige, på egne premissar.

Etter mitt syn er Stephen Sondheim ein av fornyarane innanfor musikkteatret. «Sweeney Todd» ligg tett opptil det totale musikkteater. Det er ei gjennomkomponert framsyning, der det berre finst nokre få reine dialog-parti — resten er fortald i musikk. Det vi opplever er ikkje ein visualisert konsert, men teater.

Så varmt som du snakkar for «Sweeney Todd» og Stephen Sondheim, må ein spørje kvifor vi ikkje har gjort den her heime?

— Ingen har våga — mest på grunn av redsel for publikumsgrunnlaget. Vi møter dessverre altfor ofte dette argumentet når det gjeld musikkteater — det skal vere populært, spele for fulle hus og store kasser. Du møter aldri same argumentet når det gjeld litterært teater! Vi som arbeider med musikkteater treng like mykje som alle andre fornying, nye utfordringar, nytt og krevjande materiale. Eg trur òg at emnet — med denne kannibalistiske barberen i


det viktorianske England — skremmer, men der trur eg vi nordmenn ser oss blinde på det groteske og gløymer den svarte humoren som går gjennom heile framsyninga.

Vi har aldri spela ein rein Sondheim-musical her på teatret. Og heller ikkje denne framsyninga er *berre* Sondheim?

— Nei — ein må skilje mellom Sondheim som tekstforfattar til andre komponistar og det han skriv og komponerer sjølv. Opphavleg, som tekstforfattar, arbeidde han innanfor den tradisjonelle Broadway-stilen — med «Gypsy» til dømes. Dette var læretida — han var Oscar Hammersteins protegé og budde hos han. Han fekk med seg det beste av dei store — ikkje berre Hammerstein, men òg Kern og Rodgers.

Når han går ut og skriv sin eigen musikk, er det fordi han har funne si eiga røyst, sin eigen klangbotn, som er annleis enn den tradisjonen han har arbeidd innanfor. Han er eit produkt av denne tradisjonen, men fjernar seg frå den.

Egil Monn-Iversen har tala med ein glød som skulle gjere den mest skeptiske til overttydd Sondheim-fan. Oslo publikum har hittil berre møtt han i «A Little Night Music» som vart spela på Oslo Nye. Trass i alle paradoks vonar vi publikum likar dei smakebitane vi har å by på — så får vi sjå når denne Broadways særprega trollmann får slå opp det store lerretet her heime. Ein ting veit vi — den dagen det skjer, står Egil Monn-Iversen i grava og garanterer at det musikalske sit slik det skal.



Lasse Kolstad er veteranen i laget på scenen. Det ville sprengje eit program om vi skulle ramse opp alle dei rollene han har fylt med sin varme personlegdom, sitt klare intellekt og si malmfulle røyst berre her på teatret. Den tida intervjuaren var fersk på teatret sjølv, var det sikkert som banken å spele musikkteater med Lasse og Sølvi. Det var i 60-åra — da dei store musicalane kom i rask rekkjefølgje — frå «Spelemann på taket» til «Mannen frå La Mancha» og «Vi to! Vi to!» Så vart det kritikarpris òg — for mjølkemannen Tevje.

Og musikkteatret er ei form Lasse Kolstad både respekterer og er glad i.

— Det er langt vanskelegare og meir krevjande å spele musikkteater enn eit vanleg skodespel. Her må vi ha ein presisjon utan slingringsmonn — for musikken går vidare, veit du, misar du med 1/8 er du ute. Det er ikkje slik her som i taleteater — at du kan variere pausane frå kveld til kveld!

Dessutan er musikkteater i enda større grad enn anna teater teamwork — orkester, ensemble, alle er avhengige av kvarandre. Og når fleire syng saman, må vi lytte til kvarandre — som i dei andre kabaretane vi har hatt, Brel, Taube . . . det blir ein kammermusikkstil. Alle *må* lytte til kvarandre. Vi må ha usynlege strengar mellom kvarandre. Det fungerte så fint i «Brel» til dømes — men så arbeidde vi òg i fleire veker med heile ensemblet og heile or-

kestret, så alle var sikre på alle nyan-sar. Det er veldig krevjande, men du verda for ei kjempeoppleving når du føler at det lykkast.

Når eg legg slik vekt på dette, er det kan hende fordi eg av og til får ei kjensle av at somme grin litt på nasen av musikkteater og ser ned på det som «berre underhaldning». Det er så gale! Prestasjonsmessig er musicals langt vanskelegare. For meg er det ei kvile å spele i vanlege stykke. Berre tenk på stemma, som *må* vere i orden kvar einaste kveld, berre det blir eit psykisk press mange gonger.

Elles meiner eg som fleire andre her på teatret, at musikkdramaet er det som mest nærmar seg det tyskarane kallar «gesamtkunst», der alle kunstgreinene går saman. Songen er integrert i handlinga og fører den vidare, dansen likeså — det er ei form som forlanger ganske mykje av folk!

Og eg må seie det er moro å sjå «West Side Story» no — med eigne folk. Førre gongen måtte vi hente inn ei rad gjester frå alle verdshjørne. Det seier litt om korleis nivået har stige. Alle sa Skagestad var galen den gongen, men det gjekk. No kjem alle frå Noreg — og eit fleirtal frå vårt eige ensemble. Det er fantastisk! Eg var stolt på premieren.

Men sjølv sagt er dette fruktene av ei satsing på seriøst musikkteater. I dag ville det ikkje vore det minste rart om Det Norske Teatret hadde gjort ein

opera. Du kan seie det ikkje er nødvendig ettersom vi har ein opera — men «Sweeney Todd» er pinadø nesten ein opera.

Ja, den tittelen fører oss over til hovudpersonen i kveld — Stephen Sondheim. Korleis synest du det har vore å arbeide med desse songane?

— Med ein gong eg hørde dei, tente eg ikkje så veldig. Det var avansert — han vaktar seg vel for slagerar. Han er eit fagmenneske av dimensjonar. Når du grev deg ned i stoffet, oppdagar du kva det er han gjer. Her er raffinerte klanger, uvante intervallar. Slitsame, men sofistikerte harmoniar — slikt som fagmusikarar set pris på. Men eg tente meir og meir etter kvart som eg arbeidde med stoffet. Eg vonar vi maktar å formidle det — her er enkel kanson, som er kjempevanskeleg kontrapunktisk. Han er ein djevel! Han gjer det intrikat, rytmisk finurleg. Han er såvisst ingen landevegskøyrar!

Problemet er sjølv sagt at han nyttar språket svært medvite, på ein måte

som nesten er umogleg å få over til norsk. Det blir nødvendig å finne parallellar — og Bjørn Endreson har gjort ein fin jobb. Musikken er handsydd til teksten — synkopane ligg i språket, så når du set om, får du lett bakfot, språkleg sett. Han er opptatt av at alt skal fungere saman, som ei matematikkoppgåve, eit klokkeverk.

Han er ein fin tekstforfattar — visse stader svingar det på djupare lag. Vi forlanger kanskje meir av han fordi han ikkje er kommersiell, fordi han har prestasjonar utover det. Og det minner meg om noko som får bli ein hjartesukk til slutt: musicalane har vore redningsplanken for teatret økonomisk sett ustanseleg. Det kunne vere på tide å satse kvalitativt utan å skjele til at dette må gå heim. Vi må få lov til å ta sjansar og seie *dette* vil vi gjerne gjere, jamvel om vi ikkje kan garantere publikumssuksess! Så er det sagt.

Seier veteranen med tyngde ei sein nattestund. Og gir stoff til ettertanke for nokon kvar.



«Send inn ein klovn!»

Side by Side by Sondheim

LASSE KOLSTAD
LARS ANDREAS LARSSEN
KARI RASMUSSEN
SØLVI WANG

Pianistar:
KARI STOKKE
HELGE IBERG

Omsett av BJØRN ENDRESON
Regi: RUNAR BERGE
Scenografi og kostyme: SVEIN LUND-ROLAND
Musikalsk Innstudering: TOR HULTIN
Maske: TORUNN LØKEN
Lyd: MENY BLOCH
Inspisient/lydkøyring: STEIN HAMRE
Rekvisitør: KNUT-JARLE HVITMYHR
Sufflør: ANNE FLADMOE

Ein pause

Premiere på Hovudscenen 29. mai 1984


Teaterforlag: Nordiska Teaterförlaget/Edition Wilhelm Hansen
Programredaksjon: Haldis Hoaas
Foto: Frits Solvang
Programdesign og trykk: Otto Falch a.s

1. AKT

Komedie i kveld — Kjærleik kjem og går Om mamma vart gift (Musikk: Jule Styne)	«A Funny Thing Happened on the Way to the Forum» «Gypsy»	Alle Sølvi og Kari
Småting Du må møte Gro Bryllaup	«Company» «A Little Night Music» «Company»	Kari og Lars Andreas Lasse og Sølvi Sølvi, Kari og Lars Andreas
Minnest Foxtrot Gjester Hundre andlet Barcelona Madame Vakraste kjei Å, Paris! Blues	«Evening Primrose» «Follies» «Company» «Company» «Company» «The 7 % Solution» «Follies» «Follies» «Follies»	Lasse Sølvi og Kari Alle Kari Kari og Lars Andreas Sølvi Lasse Sølvi Lars Andreas, Sølvi og Kari
Broadway Baby Prøv litt prest Pyton	«Follies» «Sweeney Todd» «Company»	Kari Lasse og Sølvi Sølvi, Kari og Lars Andreas

2. AKT

Nei! Alle kan jo plystre Send inn ein klovn Vakre jente Bra (Musikk: Richard Rodgers) Han der frå . . . (Musikk: Mary Rodgers) Du må ha ein gimmick (Musikk: Jule Styne) Vakre kvinner Farvel Frå deg Eg er her Par om par	«Anyone can whistle» «Anyone can whistle» «A Little Night Music» «Pacific Overtures» «Do I hear a waltz?» «The Mad Show» «Gypsy» «Sweeney Todd» «Follies» «Follies» «Follies» «Company»	Kari, Sølvi og Lasse Lars Andreas Sølvi Sølvi, Kari og Lasse Lasse og Sølvi Sølvi Alle Lasse Kari Lars Andreas Sølvi Sølvi, Kari, Lasse, Lars Andreas, Kari S. og Helge I.
--	--	---



Nykommar og gjest i musical-samanheng på Det Norske Teatret er Lars Andreas Larssen — velvillig utlånt frå naboinstitusjonen i Stortingsgata. Det trufaste teaterpublikum kjenner han frå ei lang rad rollefag — på Nationals hovudscene og ikkje minst på Teatret på Torshov, der det unike talentet har falda seg ut til dømes i ein overveldande, morosam og farleg «Kong Ubu». I inneverande sesong har vi òg opplevd han på skjermen — til dømes som H.C. Andersen i «Fra regnormenes liv». Korleis har det seg at han har hamna på musicalscenen — for nett *det* er da eit nytt rollefag for denne mangslungne kunstnaren, spør vi?

— Eg må vel vedgå at det er Egil Monn-Iversen som står bak. Han må ha sett noko i kabaret-artisten i «Medea» som han ikkje var klar over før! (Lars Andreas Larssen har nemleg gjesta dette teatret ein gong tidlegare — i den legendariske «Medea»-oppsetjinga på Scene 2 førre sesongen!) Det har sjølvsaft slengt ei og anna vise tidlegare òg — men eg har aldri vore med på noko slikt som dette. Eg har alltid hatt lyst, men eg har aldri våga å spørje! Nå trur eg eigentleg dette med rollefag ofte er heilt gale — om alle skodespelarar verkeleg fekk vise kva dei har, kunne ein selje dei fleste skuffane vi elles blir putta i.

Alle som såg «Medea» sit med kabaretartisten din i auga og øyret. Det var òg noko nytt du kasta deg ut i?

— Eg kan aldri seie nei, vi elsker at andre trur vi kan noko vi ikkje har prøvd før. Det er forferdeleg hyggeleg å bli spurd. Men samstundes ligg det eit press i dette å vere «gjest». Det aukar gjennomsnittspulsen med 20—30 slag i minuttet. Du er livredd for ikkje å innfri forventningane. Først er du lykkeleg, så livredd. Så dersom det svingar like mykje på scenen som nervene svingar, har vi ingen problem! Dessutan har mor mi stor songstemme . . .

Smilen og sjølvironien ligg på lur heile tida.

— Frå spøk til alvor — eg er i profesjonelle hender, eg har hamna i svært godt selskap. Men eg kjenner meg som ein svartkatt blant hermelinane!

Seier gjesten som kanskje først markerte seg i det nybrottsarbeidet som skjedde på Nationaltheatret med oppsøkjande teater, «Svartkatten» og «Pendlerne» mellom andre.

— Eg har gjort det meste av galenskap på Torshov, så galenskap er eg van med, men ikkje akkurat denne galenskapen. Den er ny. Eg trur alle skodespelarar går med ein draum om musikkteater, om entertainment. Eg såg filmen «That's entertainment» på Colosseum for ein del år sidan. Det var ei sterk oppleving — som å gå til psykolog. Fann att alle draumar, alle fantasiar. Rimelegaste time hos psykolog eg nokon gong har hatt!

Så må eg som gjest få gi den ros til teatret her at dei oppgåvene eg er blitt

beden om å gjere, har vore krevjande og veldig morosame å arbeide med. Og eg er svært takksam mot Svein Erik Brodal for den positive innsatsen for å få dette engasjementet i orden. Eg er blitt glad i teatret. Og som nordlending har eg ein dialektbakgrunn som ligg nynorsken nær.

Korleis ser du musikkteatret, da?

— Ingen generasjon har i så sterk grad som vår omgitt seg med musikk. Det ligg både eit behov og eit uttrykk i dette. Derfor bør vi òg honorere dei menneska som satsar på å utvikle musikk i teatret. Eg er overraska over spennvidda i det vi arbeider med, eg hadde aldri drøymt at det var slik. Eg har dukka ned i ei verd eg ikkje var klar over eksisterte. Eg vonar Det Norske Teatret kan gi fleire del i nett den opplevinga! Denne verda rommar ei breidd

og ei tyngd som er ny for meg. Eg har fått ein glimt inn i mangfaldet. Og det gir meirsmak, gudbetre!

Alltid — i alle dei ulike stykka eg har vore med i — dersom det har vore innlagt song og musikk har dette verka fascinerande og forlokkande. Eg har ein liten son på 3 år som eg syng for kvar kveld — så du skjønar eg songformidlar stadig ny lærdom og haldningar etter beste evne.

Men det er to ting eg ikkje får brukt: eg kan jodle og spele på skjeier! Eg har to fine sølvskjeier eg har fått spesielt frå mor mi!

Det djupe alvorret og den frigjerande latteren vekslar stadig — det er ein både spent og spennande kunstnar som går inn i siste finpuss før møtet med publikum. Vi seier tvi-tvi og spyttar tre gonger over venstre skuldra!





Kari Rasmussen

Vi ønskjer Kari Rasmussen velkommen attende til Stortingsgata etter to år på Den Nationale Scene i Bergen. To svært aktive år — med roller over eit vidt spekter: frå urpremieren på Cecilie Løveids «Vinteren revner» over «Det er jo mitt show!» (som vart kjempesuksess i Bergen og finst på plate), fest-spelframsyninga «Menneskerøysta» (som ho tidlegare har gjort på Scene 2) og «Raskolnikov» til farsen «Damer i dampbad».

Og gjennom desse svært så ulike oppsetjingane vann Kari Rasmussen hjarta til det kresne Bergens-publikumet — hadde det vore opp til dei, ville vi aldri fått henne att!

— Nei, det skal visst ikkje vere lett å bli eit namn i Bergen, eit namn som trekkjer folk til teatret. Men ikkje spør meg kva som gjer det! Dei er eit eige folkeferd, bergensarane, det er vanskeleg å seie kva som styrer smaken dei-
ra.

Så kvifor kom du attende til oss, du trivdest vel med all denne suksessen?

— Permisjonen min gjekk ut — så enkelt er det. Det er her på Det Norske eg er tilsett. Og hadde eg ikkje kome, ville eg jo ikkje vore med her!

Og det er jo innlysande. Det byrjar faktisk å bli nokre år sidan Kari kom til oss frå ein lysande karriere på tyske operascener. Ho hadde gjesta på Den Norske Opera som Desdemona, men hadde elles ikkje stått på scenen stort her heime. Den første store rolla var Al-

donza i «Mannen frå La Mancha» — ein musical som har ein heilt spesiell plass i hjartet hos mange av oss på teatret.

— Eg prøvesong den gongen for den rolla. Det er faktisk tilfelle, det er slett ikkje noko nytt, dette med prøvesyn-
ging. Det var vanleg på alle operaene i Tyskland, så eg var kjend med systemet. Men eg synest sjølvsgagt ein burde få sleppe slikt når ein først er etablert!

Du har brukt den fabelaktige røysta di over heile spektret av musikkteater og songtradisjon — opera, musicals, lieder, viser, romansar. Kva song du helst om du fekk velje sjølv?

— Da song eg helst alt mogleg! Det er nett mangfaldet som gjer livet spennande. Men ein musical som både har ei god, skikkeleg rolle og fin og utfordrande musikk, er toppen. Som «La Mancha» — eg er framleis glad i den. Vi var truleg for tidleg ute den gongen, vi burde ta den opp att.

Du er den einaste av dykk som faktisk har vore med i ein Sondheim-musical, om eg hugsar rett? Da Oslo Nye Teater spela «A Little Night Music» for nokre år sidan. Korleis opplevde du det?

— Vel, eg fann ut kor vanskeleg det var. Det var ikkje enkelt å lære seg. Du skal helst vere musikalsk for å syngje Sondheim! Intrikat musikk. Visst var det moro å gjeste Oslo Nye den gongen, men framsyninga var ein tru kopi av New York og London — alt var fast-

lagt ned til minste detalj, minste rørsle, det fanst ikkje rom for sjølvstendig tolkingsarbeid — alt var bunde. Vi var truleg for tidleg ute med den òg — 5 år minst. Men det var spennande for oss som var med, ei veldig utfordring.

Det er ikkje vanskeleg å skjøna at ein skodespelar blir frustrert når det er copyright på heile oppsetjinga på den måten. Men det du seier, fører meg over til ein annan tanke. Eg har ei kjensle av at åra i Bergen frigjorde sider av talentet ditt vi ikkje har sett før her på teatret — du er ein frodig komikar, du vågar å sleppe deg laus på scenen på ein annan måte no enn før?

— Eg fekk utfalde meg, fekk gjere ting på mine egne premissar, det er kanskje det. Ikkje alle instruktørar let deg gjere det. Runar er fin å arbeide med. Roleg og fin. Brukar aldri store fakter. Og han stolar på skodespelaren, stolar på vår faglege ekspertise. Da kjenner du den tryggleiken som gjer at du vågar å sleppe fram ditt eige.

Ja, for i denne framsyninga får galsenskapen sleppe laus iblant?

— Den har nok gjort det før òg, men i små bitar. Samstundes er det noko med å ha heile scenen, scenen og publikum og alt det, å ikkje røre ein finger, berre gjere ein låt — å våge det, er noko av det vanskelegaste for ein skådespelar. Det er verre enn noko anna. Da må du syngje med underlivet, som eg plar seie.

Det vekslar så sterkt i denne framsyninga — du skiftar rolle på ein applaus. Songane høyrer heime i musicals, i ein handlingssamanheng, du må byte person på sekundet. Noko av det mest krevjande som har vore.

Seier Kari og forsvinn inn til sminking og pressekonferanse. Vi ser fram til Sondheim, til konsert når Oslo-dagane brakar laus, til TV-musical til hausten med henne, og kanskje til den tyske TV-krim-serien ho har spela med i? Kva seier de i NRK?

Sølvi Wang er ein av grunnpillarene i ensemblet på Det Norske Teatret — og har vore det i langt fleire år enn ein skulle tru mogleg når ein ser henne! Men dei siste par åra har ho vore gjest andre stader her i byen — *vi* har sakna henne, og seier med spesiell varme i røysta: velkomen attende til den gamle scenen i Stortingsgata! Dei to åra har vore fylte med «Dampen» 80 gonger på Oslo Nye, over 100 gonger som bestemor Skogmus i evigunge «Hakkebakkeskogen» same stad og meir enn 200 revyframsyningar på Chat Noir! Ytterlegare kommentar skulle ikkje vere nødvendig. Vi spør korleis det kjendest å vere på Chat Noir att — det er ei stund sidan sist?

— Ja, eg hugsar faktisk ikkje når det var, på 60-talet tru? Men det ligg ein revyrev i meg, veit du, så klart det var morosamt. Deilig scene.

Eigentleg krev vel denne framsyninga òg litt av revyreven i deg? Med dei raske overgangane frå karakter til karakter ertersom songane skiftar?

— Jada. Og så er det godt å vere attende. Det er blitt 21 år til saman! Det er her eg høyrer heime.

Som det står ein annan stad i dette programmet — den gongen eg sjølv kom til teatret for meir enn 15 år sidan, var kombinasjonen Lasse & Sølvi garanti for suksess! Ein blir nostalgisk av å sjå dykk saman att . . .

— Vi var gift i utruleg mange framsyningar, eg har for lengst mista over-



synet. Den tida var ein gullalder for musicals. Det var ei fantastisk tid. Og eg har vore heldig og fått spele alle dei store rollene. Det var fabelaktig moro.

Så er det òg ei form som verkar skreddarsydd for deg. Men du har da vore på ferde elles i repertoaret?

— Ja, det siste eg gjorde her var «Kvitt ekteskap» som Arild Brinchmann sette i scene. Ei vill og artig framsyning som det var veldig moro å vere med i. Og vi hadde fulle hus på lukesal heile tida. Eit anna polsk stykke var like vilt og gale — hugsar du «Opette»? Det var òg moro — og der var Lasse og eg eit par som vanleg! Joda, det har blitt mangt og mykje, frå reine spelstykke over kabaretar til dei store musikkspela.

Har du gjort noko av Sondheim tildelagare?

— Eg song frå «Sweeney Todd» i ein TV-serie om musikkspeltradisjonen — der Stephen Sondheim også snakka sjølv. Og ein av songane herifrå var med i ein serie Halfdan Hegtun hadde, med venner og kjende i studio.

Sondheim er svært krevjande. Ingen vanleg visesong, dette her. For meg er han absolutt toppen av det som finst no. Han skriv både tekst og musikk, veit du. Eg er heilt frelst på Sondheim, han er så spennande. Eg har ein tape heime, «The Making of Sweeney Todd», der han fortel korleis han arbeidde, korleis han tenkte. Han sit og arbeider med ein figur, må ha ein akkord der, da står ho der borte, så vi må ha ein annan

akkord der . . . Det er heilt utruleg å følgje med i korleis det heile vart til.

Eg såg framsyninga i New York og gløymer det aldri. Du kjenner den kjensla — ingen torde å klappe, det var heilt stilt, og så herregud, så braka det laus. Det var ei enorm stemning! Men han skriv altså vanskeleg. Det er ikkje berre tekstane som må puggast, du må pugge kvar einaste note. Alt er så samstemt, ord og musikk heng saman på ein heilt spesiell måte. Han tenkjer seg inn i personen og skaper uttrykket med tekst og musikk samstundes. Kva tenkjer ho no, kva gjer ho no? Derfor blir harmoniseringen og intervallane veldig rare av og til. Men det blir ein heilskap. Du kjenner ånda hans over deg heile tida mens du jobbar.

Og så trivst du i laget og saman med Runar?

— Han er ein fantastisk instruktør og koreograf. Og ein god venn. Og vi har hatt stor glede av å jobbe med dette her. Eg voks opp med musikk, far var musikar. Og eg har spela med Reimar Riefling og sunge med Anne Brown.

Og her sit eg på stolen min! Her har eg vore i alle år! (Vi sit i garderoben og høyrer lysjusteringane til Runar frå salen.) Eg tør ikkje flytte. Alle skodespeararar er overtruiske, veit du, bankar og spyttar!

Vi sluttar oss gjerne til både bankinga og spyttinga, og overlet Sølvi til seg sjølv og ein stri prøvedag. Og synest vi er privilegerte som har denne spesielle og fine kunstnarinna midt iblant oss.